

# Bryllup og bedarlag på Kveberg

*Av Helga Reidun Bergebakken Nesset*




å kjøpe fiskekort.

Sjel har jeg overtatt ei løe på Vollen og lever et slags luksuøst i teie inne i løa. På veggen står navnet mitt og datoen 14.8.1945. Kanskje var det den

baks til skogen rundt Øversjøen.

Heldigvis har også noen flyttet tilbake: elgen er kommet, og beveren har tatt enkelte av vassdragene i bruk. En kan være glad over at der er naturen som



1. Per Randmæl, 2 Arne Randmæl, 3 Jørund Kveberg, 4 , 5 Ola Syverstrøen ?, 6 Lars Kveberg, 7 Avle O. Kveberg, 8 Ola Kveberg på Norsen, 9 Anders Langodden, 10 John Furustad, 11 , 12 Sigrid Furustad, 13 , 14 Peder Havn, 15 Martin Kveberg, 16 Johannes H. Müller, 17 Per Flaten, 18 Per Vestad, 19 Per el. Olaf Setersmoen, 20 Håkon Klokkertrøen, 21 Martin Setersmoen, 22 Ola Maana, 23 Bernhard Randmæl, 24 Ola Steimoen, 25 Haldor Müller, 26 Andreas Pedersen, 27 Ole S. Dalen, 28 Lærer Kornelius Frislid, 29 Per Steien, 30 Thore Kveberg, 31 Harald Jensen, 32 Per K. Lien, 33 Gudrun Lien, 34 Goro Røsten, 35 Bertine Røsten Skaret, 36 Mari Fløtten Gulløien, 37 Johanne Røsten Trøan, 38 Ellen Fløtten, 39 Marie Syverstrøen, 40 Anna Døhlie, 41 Gudrun Steimoen, 42 Margit Steimoen Løkken, 43 Gudrun Klokkertrøen Sølva, 44 Sina Kveberg Setersmoen, 45 Bertha Pedersen Bakstad, 46 Gina Kveberg Pedersen, 47 Kari Klokkertrøen Vestad, 48 Harald Vestad, 49 Olava Klokkertrøen, 50 Simon Nymo- en, 51 Ingrid Kveberg Norsen ? 52 Gurin Nymo- en, 53 Berit O. Kveberg, 54 Olga Kveberg Sørhuus, 55 Marit Rand- mæl, 56 Margit Kveberg Randmæl, 57 58 Marthe Steimoen, 59 Gjertrud Frislid, 60 Ingeborg Maana, 61 Helene Stamoen, 62 Ingrid Steen, 63 Elfrid Vestad, 64 Aslaug Vestad, 65 Fru Lunke, 66 Lunke, sokneprest, 67 Haakon Bakken, 68 Anne Syverstrøen, 69 Kari Bakken Nymo- en, 70 Marit Bakken, 71 Anne Bakken, 72 Per Sandmæl, 73 Gudlaug Bakken Sandmæl, 74 Brudgommen Halvor Bakken, 75 , 76 Johanne Dalen, 77 Bruden Ingrid Dalen Bakken, 78 Ole B. Dalen, 79 Karoline Kveberg, 80 Gudrun Randmæl, 81 Berit K. Kveberg, 82 Kaja Kveberg Dalen, 83 Kari K. Kveberg Sletten USA, 84 Ingebrigt Dalen, 85 Gudmund Bakken, 86 Kari Pedersen Hugubakken, 87 Ingrid Dalen Dieset, 88 Arnhild Sandmæl Fredriksen, 89 Magnvor Sandmæl Nielsen (39810)

Bryllupsbiletet er av Ingrid Syversdatter Dalen, fødd i Randmælsøyen 1893, og Halvor Gurinson Bakken f. 1890.

Dei gifta seg i 1919. Bryllupet vart halde på Bortistuen Kveberg, der Ingrid var tenestjente. Foreldra hennar var spellemannen og snekkaren Syver pi-Øyen, Randmælsøyen eller Sivert Olsson Dalen (139-1) 1867-1904, og Ingrid Bårdsdatter f. Nistugu Dalen f.1865.

Begge foreldra døyde tidleg og ungane vart bortsett på andre gardar i bygda.

Ingrid voks opp på Gammelstuhaugen, Kveberg, men kom til Bortistu'n, Kveberg og var tenestjente der.

Ektemannen Halvor Gurinson Bakken er frå Bakken, Vestate, son av Gurin Håkonsson Bakken f. 1865 og Anne Halvorsdatter f. Klokkartrøen 1864.

Ingrid og Halvor vart vigde i Alvdalskjerka 10.okt. 1919, og gjestebodet vart halde i Bortistuen på Kveberg.

På bilete er heile gjestebodet samla og her er gjester både fra Vestate og frå Kveberg. Kvar gard hørde til eit bedarlag. Det var denne institusjonen som ordna i stand gjestebod og gravøl i eldre tid.

I slike anledningar trengtes meir mat enn garden til vanleg hadde. Derfor bar kvar gard «begning» (sending) til gjestebodsgarden kvelden før.

Kaja Dalen, f. 1908 på Bortistuen, Kveberg som også er brurpike på bilete (nr. 82) nemner ulike ting som kunne vera med i «begningsløpen»:



- smør i forrøer
- risengrynsgraut, søngraut
- småkaker
- brød
- jønnbrød
- krummer
- fløte på flaske

Dei som kom med «begninga» vart servert kaffe og

«nå å bite ti».

Bedarlaget som Bortistuen hørde til, var gardane frå og med Norsa og Klokkarrønningen i nord (sjå kart).

Bedarlaget til bruggommen var også med i gjestebodet. Bakken tilhørde bedarlaget Oppigardom, Vestate. Dei gardom som var med her var Sveia, Eiermøen, Vetltrøa, Egga, Fløtten, Skardet, Vetlskardet, Klokkarhaugen, Klokkartrøa, Synner og Nørdre Flaten, Bakken, Sandegga og Bakken utonder (sjå kart).



I tillegg var også slektninger, venner og setergran-  
ner bedd.

All invitsjon til gjestbod og gravøl skjedde person-  
leg. Ein bumann, ein velsett person, gjekk frå gard til  
gard og ba. Heile huslyden vart bedd, unge som  
eldre. Derimot bestemte dei sjølve kven som kunne  
iveg.

Det kunne myegodt bli over hundre gjester i desse  
laga. På bilete rekner me 89 stykkjer.

Fotografering under bryllupet hadde vorte vanleg  
omkring 1920.

Alle bryllupsgjestene var med på bilete. Midtpunk-  
tet var brurparet, og dei næraste slektningan på kvar  
side, som regel foreldra nærmest. Presten og klokka-  
ren er ofte med. Framst står ein flokk brurpiker i kvit-  
te kjoler og ein brursvenn.

Å ha brurpiker, var ein vanleg skikk. Desse kunne  
vera slektninger, eller nære naboer i alderen 3-12 år.  
Dei hadde ingen spesielle oppgaver i gjestbodet.

Vielsa gjekk føre seg i kjerkjå.

Det var ofte berre dei næraste slektningan, og dei  
som hadde anledning, som følgde dit. Etter vielsa  
gjekk brurfølge attende til gjestbodsgarden. Her  
stod gjestbodbordet dekkja, og folk gjekk til bords.  
Gjestbodskosten var rømmgraut og fisk.

Før servering vart grauten «spelt inn», spellmann  
spelte som regel ein marsj da «serveringspersonalet»  
kom inn med «grautdylla i fanga». Heile gjestbodet  
vart styrt av ein kjøkemester.

Etter bordsete var det dans. Det var opprinneleg  
berre ein spellmann på fele. Seinare fekk denne følgje  
av ein på orgel, eller torader/trekkspell. Kaja Dalen  
kunne ikkje hugse kven som spelte i bryllupet her.

Etter kvart vart ponsen servert. Ponskokaran var  
som regel nokre tilårskomne karar. Denne vart ser-  
vert heile natta.

Innimellom vart det meir og eta og drikke. Kaffe  
og kaker hadde vorte vanleg i 1920-åra. Dessutan



*Gjestebodsbord i Borkhus, Dalholen, Folldal. (3469)*

vart det kveldsmat - og dans til den lyse morgon.

Informanten kan ikkje hugs at gjestbodet varte flei-  
re dagar da ho voks opp.

#### *Kjelder:*

Follidal Bygdebok, bind II av Ivar A. Streitlien  
Alvdal Bygdebok, bind II nr. I av  
Einar Steimoeggen

#### *Informanter:*

Kaja Dalen, Alvdal, f. 1908.  
Berger Lilletrøen, Alvdal, f. 1903.  
Solveig Steien f. Bakken, Alvdal, f. 1925.